

# BESTILLINGSDOKUMENT FOR FORVALTNINGSREVISJON

**TIL:** Deloitte AS

**FRÅ:** Sogn og Fjordane Fylkeskommune

## Prosjektnamn

Forvaltningsrevisjon av tannhelsetilbod til prioriterte grupper

## Bakgrunn

Bakgrunnen for forvaltningsrevisjonsprosjektet er revidert plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016, som vart vedteken av fylkestinget 11. juni i FT-sak 4/14. Dette er prosjekt nr. 7 i planen.

## Formål

Formålet med forvaltningsrevisjonen er å få undersøkt i kva grad fylkeskommunen gir prioriterte grupper eit tannhelsetilbod i tråd med lover, reglar og politiske vedtak. Kontrollutvalet ynskjer å rette fokus på gruppene a, b og c i § 1-3 i tannhelsetjenesteloven.

Kontrollutvalet vil sjå nærare på dei utfordringane som kom fram i arbeidet med overordna analyse. I revidert plan for forvaltningsrevisjon står det følgjande:

*Forvaltningsrevisjon av tannhelsetilbod til prioriterte grupper*

- *System og rutinar*
- *Regeletterleving*
- *Klinikkstruktur*
- *Tilstrekkeleg og oppsøkande tilbod*

Punktet om klinikkstruktur vert teke ut av prosjektet, då det inngår i det pågåande økonomiplanarbeidet. Det er administrativt under handsaming og skal politisk handsamast i løpet av våren 2016. I følgje budsjettdokumentet for 2016 føreset fylkesrådmannen at den nye strukturen vil gje ei innsparing i storleiksorden 11 mill.kroner. I arbeidsdokument 5/15 skriv fylkesrådmannen at økonomiplan eventuelt vil bli vedteken i juni 2016.

## Forslag til problemstillingar

1. Kva system og rutinar har fylkeskommunen for å ivareta tannhelsetilbodet til prioriterte grupper?
  - a) I kva grad får ein identifisert dei prioriterte gruppene?
  - b) Fungerer samarbeidet mot kommunane på ein føremålstenleg måte for tilbodet til dei prioriterte gruppene?
    - i. Fungerer informasjonsflyten føremålsteneleg mellom tannklinikane og pleie- og omsorg i kommunane?
    - ii. Er det gitt tilstrekkeleg opplæring til dei som skal informere om tilbodet om tannhelsetilbodet for gruppe c2-brukarar?
    - iii. Er informasjonen som vert gitt til c2-brukarar tilfredsstillande tilrettelagt for denne gruppa?
  - c) I kva grad har fylkeskommunen planlagt, organisert og lagt til rette for at prioriterte grupper skal få tilbodet dei har krav på?

- d) Har fylkeskommunen eit system for å utføre førebyggjande tannhelsearbeid for dei prioriterte gruppene, og i kva grad vert dette utført?
2. I kva grad får prioriterte grupper i Sogn og Fjordane tannhelsetilbod i tråd med regelverket?
- a) Får alle pasientar i gruppe a, b og c tilbod om gratis tannbehandling i Den offentlege tannhelsetenesta?
  - b) Innfrir fylkeskommunen sitt ansvar for prioriterte grupper sin rett til eit oppsøkande tannhelsetilbod?
  - c) I kva grad har fylket ei dekning av spesialister som er tilfredsstillande for tannhelsetilbodet til desse gruppene?
  - d) Vert det ytt tilstrekkeleg og oppsøkande tilbod til c1-pasientane?
3. Har fylkeskommunen eit systemretta arbeid innanfor dette feltet som er tilstrekkeleg for å sikre tannhelsetilbod til prioriterte grupper i tråd med lovverket?

### **Revisjonskriterium**

Aktuelle revisjonskriterium kan vere:

- Tannhelsetjenestelova
- Helse- og omsorgstjenesteloven
- Forskrift om vederlag for tannhelsetenester i den offentlege tannhelsetenesta (1984-05-24)
- Lov om pasientrettigheter 1999-07-02 nr. 63
- Andre relevante lov- og regelverk

Revisor vert oppmoda om konkretisere problemstillingar og revisjonskriteria. Endelege problemstillingar og revisjonskriterium vert bestemt etter dialog mellom kontrollutvalet, sekretariatet og revisor.

### **Avgrensing og omfang av prosjektet**

Økonomisk ramme: Kontrollutvalet ynskjer ei vurdering av økonomisk omfang ved gjennomføring av denne forvaltningsrevisjonen, og ber om ein plan for dette prosjektet vert utarbeidd innan 15. februar 2016, slik at den kan leggast fram for utvalet i møte 3. mars.

Utvalet ynskjer ferdigstilling av prosjektet innan 1. september 2016 for handsaming i kontrollutval og fylkesting huasten 2016.

Stad:.....

Dato:.....

Frank Willy Djuvik  
Leiar i kontrollutvalet  
Sogn og Fjordane fylkeskommune